

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
064/22	Formannskapet	09.06.2022
080/22	Formannskapet	23.06.2022
038/22	Kommunestyret	23.06.2022

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Karen Weichert	K1-143, HØYRING- 29.04.22, K3-&13	22/320

Planprogram for klimaplan Vik kommune 2023-2030

Rådmannen si tilråding

Planprogram av 1.6.2022 for revisjon av kommunedelplan for energi og klima blir vedteken med dei endringar som går fram av Rådmannen si saksutgreiing.

Formannskapet - 064/22

Ved ein feil var denne saka ikkje publisert i møteprotokollen. Saka vert difor utsett til ekstra formannskapsmøte 23.6.22, før møtet i kommunestyret.

FS - vedtak:

Handsaminga ga ikkje grunnlag for vedtak.

Formannskapet - 080/22

Sakshandsamar Karen Weichert deltok og orienterte.

Ordføraren gjorde framlegg om å leggja saka fram for kommunestyret utan tilråding.

Siri Wølneberg Bøthun (SP) ba om gruppemøte, og ordføraren innvilga gruppemøte.

Ordføraren sitt framlegg vart sett under røysting mod rådmannen sitt. Ordføraren sitt framlegg vart vedteke mot to røyster (Eivind Helleland og Siri Wølneberg Bøthun, begge SP)

FS - vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan tilråding.

Mot to røyster (Eivind Helleland og Siri Wølneberg Bøthun, begge SP)



Kommunestyret - 038/22

Sakshandsamar Karen Weichert deltok og orienterte.

Werner Madsgård (AP) ba om gruppemøte, og ordføreren innvilga fem minuttar gruppemøte.

Jens Andreas Melheim (AP) la fram følgjande framlegg til vedtak:

Planprogram av 1.6.2022 for revisjon av kommunedelplan for energi og klima blir vedteken med dei endringar som går fram av Rådmannen si saksutgreiing. I tillegg vert 2. avsnitt i kapittel 4.5 endra til: "Ved oppstart av arbeidet med klimaplanen er det identifisert fylgjande utgreiingsbehov til vurdering:"

Framlegget til Jens Andreas Melheim vart sett under røysting mot rådmannen sitt framlegg. Melheim sitt framlegg vart vedteke samrøystes.

KS - vedtak:

Planprogram av 1.6.2022 for revisjon av kommunedelplan for energi og klima blir vedteken med dei endringar som går fram av Rådmannen si saksutgreiing. I tillegg vert 2. avsnitt i kapittel 4.5 endra til: "Ved oppstart av arbeidet med klimaplanen er det identifisert fylgjande utgreiingsbehov til vurdering:"

Samrøystes.

Vedlegg		
Dokument dato	Tittel	DokID
01.06.2022	20220601_merknadskjema_planprogram_klimaplan	246463
01.06.2022	Innspel til planprogram for klimaplan - samledokument	246465
14.06.2022	20220614_planprogram_klimaplan_utkast	247347

Kort samandrag

Kommunestyret har i planstrategi for Vik kommune 2020-2023 av 15.2.2021 gjort vedtak om å revidere kommunedelplan for energi og klima. Plan- og bygningslova § 4-1 krev at det for kommunedelplanar utarbeidast planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet blei sendt på høyring og offentleg ettersyn i perioden 17.3.-29.4.2022. Det kom inn 8 innspel, 7 av desse gjev grunnlag for endringar i planprogramutkastet.

Saka går til avgjerd i kommunestyret.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Plan- og bygningsloven LOV-2008-06-27-71, sist endra i 2021

Saksopplysningar

Kommunestyret har i planstrategi for Vik kommune 2020-2023 av 15.2.2021 gjort vedtak om å revidere kommunedelplan for energi og klima. Plan- og bygningslova § 4-1 krev at det for



kommunedelplanar utarbeidast planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet blei sendt på høyring og offentlig ettersyn i perioden 17.3.-29.4.2022. Det kom inn 8 innspel, 7 av desse gjev grunnlag for endringar i planprogramutkastet. Eitt innspel var retta mot potensiell innhald i sjølve klimaplan. Innspela blei gjennomgått av den administrative arbeidsgruppa for klimaplanrevisjonen, og gruppa drøfta og vurderte endringar i planprogramutkastet.

Vedlagt er planprogramutkast av 1.6.2022 der endringar i samsvar med Rådmannen sine tilrådingar førebels er lagd inn med raud skrift. Det er i tillegg lagt ved ein tabell med samandrag av hovudpunkta i merknadane. Alle innkomne merknader ligg også ved saka i originalversjon, samla i ein PDF-fil.

Når planprogrammet er vedteke skal dette kunngjerast på same tid som det blir invitert til å komme med innspel til sjølve klimaplanrevisjonen.

Økonomiske konsekvensar

Det er ingen økonomiske konsekvensar.

Vurdering

Merknadane gjev grunnlag for endringar i planprogrammet, som tilrådd over. Rådmannen tilrår å godkjenne planprogrammet med dei tilrådde endringane.

